

Gratis fiske i 100 år!



Fjellstyra i Noreg feirar 100 år med å invitere Noregs befolkning på skattejakt. I alle statsallmenningane i landet vert det no lagt ut 100 gaveboksar og dei som er så heldige å finn ei av gåvene – vinn gratis fiske i 100 år!

Fjellstyra ynskjer i år i gjere noko utanom det vanlege for å invitere befolkninga med på feiringa. På www.fjellstyregavene.no kan ein fylje med på kvar boksane er lagt ut, og kva for boksar som vert funne gjennom sommaren. Fjellstyra forvaltar alle våre statsallmenningar og for 100 år sidan, i 1920, kom Fjellova, som regulerar folk si bruk av allmenningane. Desse stor områda har sidan den første nordmann vore eit spiskammer for befolkninga. Her har ein henta ut ressursar i fleire tusen år, og fjellet har alltid vore viktig for folk i fjellbygdene.

I sommar forventar ein storinnrykk av nordmenn på ferietur i fjellet, og med fleire tusen fiskevatn vil nok statsallmenningane verta mykje besøkt av ivrige fiskarar på jakt etter gaveboksane.

Fiske er populært hjå fleire fjellstyre og særsla mange nyttar fjellstyra sine tilbod. Årleg vert det seld om lag 70.000 fiskekort på dei nesten 30 mill. dekar statsallmenningane omfattar. God tilrettelegging, tilgjengeleg informasjon og rimelege priser gjer fjellstyra sine tilbod attraktive.

Ulvik fjellstyre forvaltar ein statsallmenning på om lag 400.000 dekar. Det er framleis ein god del snø att i fjellet, men me tek sikte på å få lagt ut fjellstyrereboksen innan midten av juli. Hint om kvar boksen vert lagt kan ein etter kvart finne på Ulvik fjellstyre si facebookside. Boksen vert lagt synleg så den skal vere mogleg å oppdage. For deg som ikkje er kjend i området finn du kart over statsallmenningen ved å gå inn på: <http://www.hardangerviddafjellstyra.no/ulvikulvik>.

Kartet finn ein i «Brosjyre Ulvik fjellstyre 2020-2023».

På kartet på www.fjellstyregavene.no kan ein sjå kva for boksar som er funne og kva for boksar som framleis ligg ute.

Skitt jakt og god tur!